

# Vedtekter for Trekløveren Grenda & Ungdomslag

(Revidert april 2010)

## § 1. NAMN

Namnet på laget er Trekløveren Grenda & Ungdomslag (T.G.U.) Laget er eit sjølvstendig ideelt organ og er ikkje knytta til nokon hovudorganisasjon. Laget blei første gang stifta i 1948. I 1998 var det ein fusjon mellom Lykling Grendalag og Ungdomslaget Trekløveren.

## § 2. EIGARSKAP-EIGNELUTAR

Alle medlemmer i T.G.U., over 18 år, står som personlege eigarar av Lykling Grendahus og Plattingen via sitt medlemskap. Dette tyder at medlemmene står ansvarlege for eignelutane til laget.

## § 3. FØREMÅL

Drifte og vedlikehalde lagets sine eigedommar på Lykling og Våge. T.G.U. skal arbeida for å leggja tilhøva til rette for tiltak som vil aktivisere og skape eit triveleg miljø for innbyggjarane som soknar til Våge skulekrins. Laget skal ha aktivitetar for ungdom som eit prioritert område.

## § 4. MEDLEMSKAP

Alle medlemmer som har betalt inn kontingent til laget siste rekneskapsår er å betrakta som medlem av laget. Medlemmer må betala inn kontingent innan 14 dagar før årsmøtet, for å bli valt inn i styret og ha stemmerett på årsmøtet. Alle over 18 år må betala eigen kontingent. Dei som er under 18 år kan inngå i familiemedlemskap. Medlemskontingenten blir fastsett av årsmøtet i laget, etter framlegg frå styret. Ingen kan stengjast ute frå laget p.g.a. politiske eller religiøse grunnar. Medlemmer kan få rabatt på leige av Lykling grendahus, og det er opp til styret å bestemme kva denne rabattsatsen skal vere.

## § 5. STYRINGSORGAN

Lagets sine styringsorgan er:

1. Årsmøtet
2. Styret
3. Valkomite
4. Medlemsmøte

## § 6. ÅRSMØTET

Årsmøtet skal haldast innan utgangen av april månad. Det skal kallast inn til årsmøte med annonse i lokalpressa, alternativt direkte via post, og med minst 14 dagars varsel. Årsmelding, godkjent rekneskap, og budsjettframlegg saman med sakliste skal sendast medlemmene seinast 2 veker før møtet. (Ein del av informasjonen kan eventuelt leggjast ut på [www.trekloveren.no](http://www.trekloveren.no).) Årsmøtet skal leiast av leiaren av laget, eller når han er borte, av nestleiar. Skrivar i sitjande styre skal føre protokoll frå årsmøtet. Dersom ikkje skrivar er til stade, kan anna person veljast til å føre protokoll. Protokollen frå årsmøtet skal signerast av 2 personar som er til stade på årsmøtet.

Årsmøtet skal behandla følgjande saker:

1. Årsmelding
2. Rekneskap
3. Budsjett for neste år
4. Innkomne saker
5. Val av:
  - Styremedlemmer
  - Varamedlemmer
  - Valkomite
  - Revisor
  - Eventuell arrangementskomitè

Saker som skal behandlast av årsmøtet må vera innkomne til styret innan 1 veker før årsmøtet. Dersom samansetnaden av styreverva er uklar, kan styret konstituera seg sjølv. Berre medlemmer som har betalt kontingent og er over 15 år har stemmerett. Skrivar kontrollerer medlemslista på årsmøtet opp mot møtedeltakarane. Støttemedlemmer har ikkje stemmerett. Ved stemmelikskap har leiaren i laget dobbelstemme. Dersom ikkje årsmøtet er vedtaksføre, skal det kallast inn til nytt ordinært årsmøte.

Ekstraordinært årsmøte skal kallast inn til når styret ynskjer det, eller når meir enn halvparten av medlemmene krev det.

## **§ 7. STYRET**

Styret skal bestå av minst 6 og inntil 9 personar med minst 2 varamedlem. 2 av styremedlemmene bør vere ungdom mellom 15-26 år. 1 varamedlem bør vere ungdom mellom 15-26 år. Valnemnda bør ha som mål å sikre god aldersmessig fordeling i styret.

Lagleiar, nesteleiar, kasserar, skrivar, styremedlemmer, varamedlem, revisor og valkomite set som utgangspunkt i 2 år. Leiar og nesteleiar skal ikkje tre ut av styret samme året.

Det til ei kvar tid sitjande styre disponerer bruken av alle eigedommar og eigedeler til laget. Styret er ansvarleg for at desse blir nytta til beste for laget og laget sine medlemmer.

Dersom det oppstår situasjonar i laget der styremedlem ikkje kan vera med vidare i den perioden vedkommande er valt, t.d. ved sjukdom, jobbforhold, skule o.l., kjem varamedlem inn som fast styremedlem. Andre situasjonar kan takast opp av årsmøtet.

Ved stemmelikskap har leiaren i styret dobbelstemme.

Styret kan i enkelte høve, dersom det er noko som hastar mykje og det er vanskeleg å kalla inn til ordinært styremøte på kort tid, bruke telefon/epost til å foreslå saker og foreta avstemming. Dette blir vurdert av leiar i kvar enkelt høve. Sakene blir skrivne møtereferat på i neste ordinære styremøte. Alle saker som blir tatt opp i styret skal skrivast møtereferat på. Møtereferat frå siste styremøte, skal godkjennast på neste ordinære styremøte og underskrivast av minst 2 styremedlem.

Dersom laget har overskot utover det som er forventa i budsjettet, kan styret bevilga inntil 50% av dette "ekstra"overkostet til innkjøp av utstyr eller vedlikehold som styret finn nødvendig, utan årsmøtet si godkjenning.

## **§ 8. UTLEIGE AV EIGEDOM OG ANDRE EIGEDELAR**

Eigedommane kan leigast ut til private, bedrifter og organisasjonar med lovleg føremål. Ingen skal stengast ute av politiske eller religiøse grunnar. Utleigekontrakt for utleige av eigedommane skal signerast av myndig person over 25 år før utlevering av nøklar finn stad. Plikter for leigar står beskriver i eigen utleigeavtale. Styret kan vurdere depositum.

Utleige til dans/diskotek/konsert der det blir brukt mekanisk eller levande musikk skal ha tillatelse fra Tono og politiet. Tillatelser for dette skal uleigeansvarleg ha kopi av. Det skal vere sett opp vaktliste. I samband med utleige av eigedommane til dans/konsert/diskotek, skal som hovedregel 1/3 av overskotet gå til T.G.U i tillegg til grunnsats som alltid skal betalast (sjølv om arrangementet ikkje gir overskot).

Andre avtaler skal behandlast av styret. Utstyr som laget disponerer er i hovudsak berekna til eige bruk og skal ikkje leigast/lånast ut. Styret kan fråvika dette ved særskilte høve. Stolar og bord kan uansett leigast ut til laget sine medlemmer og støttemedlemmer.

## **§ 9. SAL AV EIGEDOM/EIGEDELAR**

Ved eventuelt sal av laget sin eigedom skal takstrappport leggjast til grunn for å finne best mogeleg marknadsverdi. Salg av eigedom skal vedtas med 3/4 fleirtall på ordinært og ekstraordinært årsmøte. Minst 3/4 av laget sine ordinære medlemmer over 15 år må samtykke til sal gjennom å bekrefte på særskilt spørjeskjema som blir sendt ut til alle medlemmer i forkant, for at salet skal bli behandla på årsmøter. Møtene skal ha minst ein månads mellomrom.

Årsmøtet skal i samband med vedtak om sal, leggje retningslinjer for korleis overskotet frå salet skal disponerast .

## **§ 10. OPPHØYR AV LAGET**

Vedtak om opphøyr skal 3/4 fleirtall av dei frammøtte på ordinært og ekstraordinært årsmøte. Minst 3/4 av laget sine ordinære medlemmer over 15 år må samtykke til opphøyr gjennom å bekrefte på særskilt spørjeskjema som blir sendt ut til alle medlemmer i forkant, for at forslaget om opphøyr skal bli behandla på årsmøter. Møtene skal ha minst ein månads mellomrom.

Dersom medlemmane på årsmøte og ekstraordinært årsmøte vedtar opphøyr, skal midlane i lagaet nyttast til velferdstiltak i Våge skulekrins. Midlane skal forvaltast av eit styre på 4 valgte personar . Midlane skal setjast på høyrente/fond i bank.

## **§.11. VEDTEKTER**

Vedtektene i laget kan berre endrast av årsmøtet. Eventuelle endringar krev 3/4 fleirtall av dei frammøtte på årsmøtet. Vedtektene bør reviderast regelmessig og minimum kvart 5 år. Skriftlege forslag til endring av vedtekter for laget frå sitjande styre, skal leggjast fram saman med årsmeldinga 14 dagar før årsmøtet.

Har nokre av medlemmane av laget forslag til endring av vedtekter, må desse leverast skriftleg/e-post til styret minst 4 veker før årsmøtet for å bli behandla.